

Bilag 1c Felleskrav for prosjektering og planarbeid

1 SPRÅK

All kommunikasjon, munnleg og skriftleg, mellom partane skal skje på norsk. Alt materiell som utarbeidast i prosjektet skal vere på norsk.

Heile prosjekteringsgruppa skal beherske norsk godt, både munnleg og skriftleg.

2 FULLMAKTAR

Prosjektleder (PL) er byggherrens representant og prosjektets administrative leder. PL er den einaste som har fullmakt til å forplikte byggherren, innanfor si fullmakt, med mindre anna går fram uttrykkeleg.

Assisterende prosjektleder (APL) eller byggherreombod vil kunne representera og forplikte byggherren dersom det er uttrykkeleg avtalt, og da innanfor avtalt fullmakt.

Engasjerte prosjekterande (PG og PGL) er byggherrens rådgjevarar og kan ikkje påføre byggherren forpliktingar, med mindre anna er uttrykkeleg avtalt.

Byggjeleiar (BL) er byggherrens representant på byggjeplassen og har fullmakt til å ta avgjerd i tilknytning til styring og kontroll av entreprenørens utføring. Byggjeleiar har ikkje fullmakt til å tinge tilleggsarbeid, slik som å akseptera tilleggskrav frå entreprenøren, med mindre anna er uttrykkeleg avtalt. Byggjeleiar har fullmakt til å avvise krav om tillegg.

3 KORRESPONDANSE

All kommunikasjon, slik som brev, notat, e-post mv, skal merkast med følgjande opplysningar:

- Prosjektets namn, prosjektnummer og entrepris-/kontraktsnummer
- Kva saka gjeld
- Grad av tilbakemeldingar, evt. tidsfristar for svar/oppfølging

Byggherren skal ha kopi av alle brev.

4 REFERAT

Møterefurat skal innehalde:

- Prosjektnamn, prosjektnummer
- Møtetype, nummer, dato og stad
- Deltakarar og andre mottakarar av referat
- Ansvar for oppfølging av sakar, neste møte

Byggherren skal ha kopi av alle referat.

5 PROSJEKTHOTELL

Øygarden kommune ønsker å nytte Microsoft365 (Teams/SharePoint) som prosjekthotell i byggherrestyrte entreprisar.

Dersom det vert etablert prosjekthotell gjeld følgjande:

- Adminstrasjonsansvaret for prosjekthotellet er tillagt APL
- Prosjektdeltakarane må sjølv sørge for Microsoft365 lisensar
 - Vert invitert inn i prosjektet av APL
- Prosjekthotellet skal vere aktivt i bruk under heile prosjekterings- og byggjefasa
- Engasjerte prosjekterande (PG og PGL) må aktivt vere med å bidra til å leggje inn naudsynt dokumentasjon/teikningar etc.
- Følgjande dokumentasjon skal sendast og handsamast gjennom prosjekthotellet:
 - Beskrivingar, teikningar, referat, tverrfagleg kontroll, revisjonar, varsling, avviksmeldingar, tekniske avklaringar, endringsordre mm.